

Nydeleg haustver gjev stor turaktivitet.

11.10.2006



Dei flotte vermeldingane utover i veka har sjølvsagt medført at det er stor aktivitet på turfronten. Utebarnehagen hadde ein flott tur til Hauglandsfjellet i går. I dag veit vi at 6. og 7. klasseelevane er på tur til Kviteggjo ovanfor Omvikdalen, medan 5. klassingane er på sopptur til Halsatoppen. Også ungdomsskuleelevane har turdag i dag. Dei kan velja mellom to ulike turalternativ. Dei fleste tar turen til Skålafjell, medan ein del elevar har valt ein lengre tur til Nordlifjell.

Utebarnehagen hadde ein fin reportasje frå sin tur på uskedalen.no i går. Det hadde vore kjekt om også andre kunne formidla sine turopplevingar gjennom bilde og litt tekst ved å senda det til uskedalen@knett.no. Kanskje det kan freista endå fleire ut på tur i det fine haustveret?